



## Notat

Dato: 12.04.2016  
Arkivsak: 2016/412-10  
Saksbehandlar: knudjuv

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Svar på oversending - statens evaluering av superbussprosjektet

I møtebok til Fylkesutvalet 17.03.2016 er det teke inn følgjande oversending frå representanten Silje Hjemdal (Frp):

" Statens evaluering superbussprosjektet. Ønsker orientering"

Vegdirektoratet har gitt dispensasjon til å køyre maksibussane på linje 9 og linje 2. På linje 2 er haldeplassane førebels ikkje lange nok. Utviding av desse ligg i handlingsprogrammet til Bergensprogrammet.

I dispensasjon frå Vegdirektoratet datert 2. oktober 2013 låg det krav om at bruken av maksibussane skulle verte evaluert. Vegdirektoratet skulle stille nærare krav til gjennomføring av evalueringa. Desse krava låg føre i mars. Samferdselsavdelinga har hyra inn Rambøll som konsulent for evalueringsprosjektet. Arbeidet med prosjektet startar opp midten av april og det er forventa at prosjektet vil vere ferdig i slutten av mai. Vi er frå Vegdirektoratet gjort kjend med at Samferdselsdepartementet har etterspurt Vegdirektoratet om status for evaluering.

Vi har nylig (11.04.2016) fått stadfesta frå Vegdirektoratet at Hordaland kan søke om å bruke dei lange bussene også på andre ruter. Skyss vil då sjå nærare på kva ruter som kan egne seg, ut frå kapasitet, lengde på haldeplass og motorkraft.

Ein vil koma attende til dette når det er gjort ei utgreiing.

